



Byggesaksavdelinga

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/3190 - 19/35206

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

02.12.2019

Svar i form av uttale til byggesaksavdelinga - Søknad om dispensasjon frå byggegrense - gbnr 212/120 Eikanger øvre

Tiltak: Mur utanfor regulert byggegrense
Byggjestad: Vahaugen - Eikangervåg Gbnr: 212/120
Tiltakshavar: Audrius Sirputis
Ansvarleg søkjar: Audrius Sirputis

Saka gjeldt søknad om dispensasjon for allereie oppført mur, nærmare veg enn regulert byggegrense.

Saksutgreiing

Informasjon om saka:

Representant for eigar av gbnr 212/120 kontakta vegavdelinga for synfaring på staden etter å ha motteke brev frå byggesaksavdelinga.

Saka gjeld ein mur som er oppført utan søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense.

Vurdering/drøfting:

Vegavdelinga var på synfaring den 14. november 2019 for å sjå nærmare på muren og kva innverknad den har med hensyn til den kommunale vegen.

Muren slik den står oppført er ikkje til hinder for normal drift og vedlikehald av den kommunale vegen og sidearealet. Det er grøft mellom asfaltkant og mur. Det er ikkje vatn og avlaup i veggrunn eller sideareal langs oppført mur.

Men, deler av muren står i siktsone til avkøyrsla inn mot 2-mannsbustaden. Siktsone er eit ufråvikeleg krav.

Avkøyrsla ligg langs ein bustadveg med mange avkøyrslar og som innbyr til låg hastighet. Den ligg heilt i starten av vegen inn i byggefeltet og difor på eit punkt der trafikkmengden har sitt maksimum. Frå vegavdelinga sitt synspunkt, kan difor siktsone setjast til det som er kravet for ei

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



sone med 30km/t fartsgrense. Dette kravet ligg på 3m/4m x 20m. Då plasseringa er ytterst i bustadfeltvegen, ynskjer me å setje kravet til at 4m inn skal det vere sikt 20m i kvar retning. Krav til sikt vil difor anbefalast til 4mx20m i dette tilfellet. Innanfor denne siktsona kan det ikkje oppførast eller setjast hindringar som er høgare enn 0,5m.

Samandrag/konklusjon:

For å løyse denne saka på best mogleg måte og at ein samstundes skal halde seg innanfor krava til siktzone, anbefaler vegavdelinga at det kan bli gitt dispensasjon frå byggegrensa til den kommunale vegen dersom ein trekant i hjørnet av muren vert fjerna slik at siktsona vert stetta.

Regelverket for avkøyrslar er heimla i veglova §§40 til 43. I tillegg er det Statens vegvesen sine handbøker som ligg til grunn for utforming av avkøyrslar med løyve frå offentleg veg.

Når det gjeld handsaming av dispensasjonar og løyver der det er vedtekne reguleringsplanar, er det byggesaksavdelinga som avgjer desse søknadane etter Plan- og byggningslova

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Audrius Sirputis
Avdelingsleiar vegavdelinga
Sakshandsamar vegavdelinga

Vahaugen 3

5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Byggesaksavdelinga
Lindås kommune - Postmottak